Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Svein Kolltveit

(adresse): Solheimsvn. 25. Fredrikstad

Fylke: Østfold.

Herad: Glemmen.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. } Båe deiler.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ordet er her brynе, sjeldnare brynesten. Ordet hein kjenner dei ikkje.

2. Nå vert det brukt bryne av både kunststein og naturstein. I bygda finst ikkjo emne til natur-stein-bryne. I eldre tid kom visstnok ein del stein frå Eidsborg i Telemark, men elles veit folk lite greide på dette. Litt kom frå utlandet og, kanskje helst med heilt tilfellige skutor.

3. Nå vert alle reidskap först slipt på rund slipestein, men før var det ikkje uvanleg at ein sennestein vart brukt til minder reidskap som höveltenner, knivar o.l. Men ein sennestein laga aldri fram nok egg, etterpå brukte dei brynet. Ennå finst bruken av sennestein, men det er svært sjeldan.

4. Så langt nokon av mine heimelsmenn veit, har ljåen vorte slipt. Ordet tynsle ljå er heilt ukjent her.

5. Sjå under nr. 3! Slipesteinen sto alltid heime ved husa.

799

6. Nå bruker ein ljå so lite, men før var det vanleg å bruke to i økti.
7. Som regel nå bare eitt bryne. Brynestikka er ikkje i bruk, men einegong for 60-70 år sidan brukte dei stikke, og då var det vanleg at dei laga ho av eik, eller ein annan hard lauvved.
8. Ljåen sit på orvet når dei sliper. Før tok dei den av og heldt eggen mot seg når dei slipte.
9. Ståttorv vert mest ikkje brukt her, men langorvljå bryner dei på den måten at dei set eine enden av orvet mot marka og legg so venstre handi og underarmen fram etter ljåen medan dei bryner med høgre.
10. Merkeleg nok kjenner ikkje nokon av mine heimelsmenn noko serleg namn på koppen som brynet vart bore i, og som regel vart ingen serleg tillaga kopp brukt til det, og den bar dei so med seg i handa og sette han frå seg på marka eller ein stein med dei slo.
11. Nei, brynet sto i koppen eller låg ved sida.
12. – Sjå ovanfyre.
13. Ja, ein fuktar båe slag bryne, dersom det ikkje er dei reine carborundumbryna. Ein fuktar dei med vatn, for det meste, svært sjeldan med olje. Det kan vera i serlege høve.
14. Mjølet kallar ein for brynegrut.
15-20. Kan diverse ikkje gjeva noko svar, då det er heilt uråd å få sikre upplysingar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
799